

HELGELANDSSYKEHUSET HF
Haugen Sveinung
Postboks 601
8607 MO I RANA

Deres ref.:
Vår ref.: 23/30400-3
Saksbehandler: Katarina Parteka Aarsnes
Dato: 18.09.2023

Bruk av tvangsmiddel ved DPS som ikkje er godkjend for å ha ansvar for tvungen observasjon eller tvungent psykisk helsevern med døgnopphald

Helsedirektoratet viser til din e-post av 28. juni 2023, der du har spørsmål om heimel for bruk av tvangsmiddel ved døgnavdeling i psykisk helsevern som ikkje er godkjend for bruk av tvungen observasjon eller tvungent psykisk helsevern med døgnopphald.

Du skriv at Senter for psykisk helse og rus ved Helgelandssykehuset HF (HSYK) er godkjend for å ha ansvar for tvungent psykisk helsevern utan døgnopphald, jf. Psykisk helsevernforskrifta § 2. I nokre tilfelle kan pasientar underlagde tvungent vern utan døgnopphold (TUD), med eit gyldig medisineringsvedtak, motsette seg injeksjon. Du skriv at pasientane i desse tilfella vert transporterte til psykiatrisk døgnavdeling ved HSYK, og spør om sjukehuset har heimel til å gjennomføre medisineringsvedtaket viss pasienten framleis motset seg injeksjon etter ankomst på sjukehuset.

Bruk av fysisk makt for å gjennomføre eit medisineringsvedtak etter psykisk helsevernlova (phvl.) § 4-4 krev eige vedtak etter phvl. § 4-8, jf. [vårt brev av 12. april 2020 til Fylkesmannen i Rogaland](#).

Det følgjer av psykisk helsevernforskrifta § 24 at "Tvangsmidler som nevnt i psykisk helsevernloven § 4-8, kan bare anvendes i institusjon som er godkjent for å ha ansvar for pasienter under tvungen observasjon eller tvungent psykisk helsevern med døgnopphold".

Vi forstår at dette skapar utfordringar for institusjonar som berre har godkjenning for å ha ansvar for pasientar som er underlagde TUD. Viss pasienten motset seg injeksjon etter at han har kome til dykk, vil eit alternativ vere å forsøke å gjennomføre medisineringa seinare, når pasienten er meir samarbeidsvillig. Vi er kjende med at andre institusjonar, i tilfella du gir døme på, av og til må frakte pasienten til ein godkjent døgnpost for å gjennomføre medisineringa.

Det følger av forskrifta § 24 andre ledd et "I akutte situasjoner kan likevel tvangsmidler anvendes overfor pasienter som er under psykisk helsevern i andre institusjoner enn de som er nevnt i første ledd. Det skal i slike situasjoner straks vurderes om pasienten bør ha opphold i godkjent institusjon".

Helsedirektoratet

Avdeling helserett og rettssaker
Katarina Parteka Aarsnes

Postboks 220 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Vitaminveien 4, Oslo • Tlf.: (+47) 47 47 20 20
Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Dette er altså eit unntak, og er til dømes ikkje eigna som heimel for tvangsbruk viss man har ein pasient som gjentekne gonger motset seg medisinerings fysisk.

Bruk av tvangsmiddel utanfor godkjend institusjon skal meldast til kontrollkommisjonen, jf. forskrifta § 30 fjerde ledd.

For at HSYK skal nytte tvangsmiddel for å gjennomføre medisinerings, må helseføretaket søke om å få ein post godkjent for å ha ansvar for pasientar under tvungen observasjon eller tvungent psykisk helsevern med døgnopphald.

Vennlig hilsen

Dag Erlend Reite e.f.
avdelingsdirektør

Katarina Parteka Aarsnes
rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk